Norsk stil.

av

Gerhard Berge.

Møre folkehøgskule 6 april 1932.

Mg +

## Eit kjært minne.

Då eg var 5–6 år, hadde eg ein bestefar som var mitt beste selskap. Han var høg og breidvaksen. Det var lett å sjå at han hadde vore ei kjempe i sine unge dagar. No var han gamal, var sliten og mager. Men likevel var han rank som ein ungdom.

Ein sundag ved høgsumar, møtte eg bestefar ute i tunet. Han hadde fått krokastaven i handa, og eg skyna at han skulde ut å gå.

„Kvart skal du no, bestefar," spurde eg. „Eg vil ut på Rys-hammaren. Vil du vera med?" sa han. Det vilde eg svært gjerne, og so bar det i veg.

Morgonsola var nett koma framfor Svart-fjellet i aust. Dagen var klår, og fuglane song frå kvart eit tre i skogen, tykte eg.

Eg var so underleg glad den dagen. Eg gjekk burt til bestefar og spurde um han ikkje kunde fortelja meg eit eventyr, for det var det likaste eg visste.

Jau, han tok meg i handa og tok til å fortelja um Aladdin.

Han hadde godt lag til å fortelja, bestefar, og eg var svært so teken av forteljinga at eg gløymde reint kvar me for.

Då han slutta soga, var me komne uppe

i gamle-tunet, der bestefar hadde butt all si tid. Han gjekk att og fram og såg på graset, stansa av og til og stod og minntest gamle dagar.

Han vart tagal og tankesam då tykte eg. Men for bestefar var det visst høgtid-stunder.

Me rusla so vidare, ut gjenom den gamle geilå der det hade vore kvie i gamal tid. Han bestefar fortalde meg då at her hadde dei kanna reinen og gjeve han salt, fôr i tida.

„Reinen," spurde eg i undring. „Korleis ser han ut?"

„Kan du tenkja deg største kalven vår med nokre store greinute horn på, so ser han ut mest som ein rein," sa han.

Han tok til å fortelja um ein reins-gjætar dei hadde havt som hadde vore so flink å stå på ski. „Han hadde berre ei hand," sa han. „Men likevel rende han rett ned frå fjellet der." Han peika upp mot Varegga.

„Fekk han ikkje stor fart då?" undrast eg. „Å jau, men han hadde ein sterk stav å klore med, so det gjekk godt," svara han.

Eg gjekk lenge og tenkte på reinen og gjætaren, og snart var me komne ut i fure-skogin på lyng-hammaren.

Me gjekk so fram på hammaren, og der sette me oss ned i lyngen. Herifrå såg me ut yver heile dalen. Smilande gardar låg uppetter fjellsidene, kransa med

lauvskog, og djupast nede låg fjorden blank og fin i morgonsola.

Eg var so glad den dagen, visste ikkje retteleg kva det kom av. Men no når eg tenkjer attpå det, skynar eg noll ~~grunnen~~ grunnen. Kven kan vera anna enn glad ein sundagsmorgon ved høgsumar, når sola skin frå ein skyfri himmel, og fugle-songen er som orgelbrus i skogen?

Han bestefar la seg vel til rette i lyngen. Han la hendene attum nakken, og tok til å syngja. Han hadde ei god songrøyst, bestefar, og song gjorde han når han var glad.

Han tok til å syngja den: „På solen jeg ser.—", for han song alltid songar etter som stemninga var.

Han kunde mange songar, bestefar, og når eg bad han um å syngja, var han alltid viljug.

Idag sang han mangt både av nytt og gamalt.

Me sat der på hammaren til sola stod rett i sud, då tok me på heimvegen att.

Eg var glad som fuglen uppe i tre-toppen, og eg tru bestefar hadde gløymt kvardags-strevet og den stunda.

Minnet um bestefar og den morgon-turen, er meg eit kjært minne som alltid vil lysa bjart i minne-kransen frå barneåra. Dei ljose minna, dei vil eg gøyma, um myrkret „Motgang" skal møta meg.